



Atskana under konserten i Kvinnherad kyrkje

Atskana, Røysterett for Alle sitt venskapskor i Latvia, har, som me veit, vore på ein ti dagars tur/turne på Vestlandet.

For å spara seg for båtreise over Østersjøen og slitsam reis gjennom Sverige, tok dei sjølv fly til Gardermoen, og vart der plukka opp av turnebussen, som hadde reist tom frå Riga.

Ferda gjekk så til Bergensområdet, der dei var i ei veke med ulike oppdrag: Konsert i Olsvik kyrkje i Loddefjord, saman med KOFRUH under dirigent Trine Daviknes, og Haugatunkoret, dirigert av Maria Malmsten. Atskana hadde og konsertar i Domkyrkja i Bergen, i Troltsalen på Troidhaugen samt på Universitetet. Resten av tida i Bergen vart nytta til å få med seg litt av sjølve byen og området rundt.

Til Kvinnherad kom dei torsdag føremiddag, etablerte seg på Husnes Camping, og drog til Rosendal kl. 13.00 for å førebu til konsert i kyrkja. Det er mykje som skal ordnast med rundt 40 songarar, dirigent, oboist, og - ikkje minst - organist som skal gjera seg kjend med orgelet (alle kyrkjeorgel er unike, ofte med store skilnader i korleis ein skal handtera og meistra dei).

Konserten

Røysterett var "oppvarmingsband" for Rigakoret, og etter berre ei øving torsdagen i førevegen, samt ei stutt gjennomkøyring timen før konserten, var det oppløftande å merka kor mykje som framleis sat att etter ein lang ferie. Trass i at me berre var godt 20 songarar ved dette høvet, kom me vel frå vår del av konserten.

Atskana si avdeling var ei soge for seg: Det heile opna med eit orgelstykke, fylgt av noko me trudde var nok eit orgelstykke, men snart hørde me ein obo frå inngongsdøra. Spelet heldt fram medan oboisten gjekk langsamt fram mot koret. Det verka som han spela for kvar og ein medan han skreid fram. Vel framme ved koret vende han seg seg mot publikum og spela stykket ferdig. Eit stemningsfullt, og ikkje minst flott musikalsk innslag. Deretter fekk me borti halvannen time med korsong, det heile ispedd med innslag frå organist og oboist. Dette var eit program som bar preg av at både kor og musikarar visste kva dei dreiv med, og at dei var topp førebudde. Dette er ei oppleving dei frammøtte (om lag 50 stk.) nok seint vil gløyma. Ei ekstra ros i pølsa vart framføringa deira av "Bruremarsj for Vidda" av Maria. Dette er ein song Røysterett syng både tidt og ofte. Deira

versjon var prega av latvisk korlyne og -tradisjon (trur eg), og tolkinga deira var både ny, interessant, artig og flott.

Røysterett hadde førebudd kaldtbord i Helgheim, noko gjestene såg ut til å setja pris på. Dei hadde både helsingar og songar å by på den stutte tida samveret vara. Tida vart godt nytta til å snakka med gjestene, og fornya kontakten med dei som hadde vore på vitjing hjå oss i 2009. Det hadde vore ein lang, slitsam dag for dei, og me avslutta etter halvannen time.

Etter overnatting på Husnes Camping drog Atskana tidleg fredag vidare for å vitja Maria på Stord, ein tre timars stopp med song, kaker og kaffi og avslapping. Deretter gjekk ferda til Bømlo og Bømlo Kormix, som også vert dirigert av Maria Malmsten. Her vart det halde ein intimkonsert saman med dei. Deretter var det sosialt samver, samt båttur i den flotte naturen dei har å by på der ute. Dette har sikkert vore ei oppleving for Atskana - iallfall har det vore ei oppleving for Røysterett og dirigenten vår å ha hatt konsert saman med dei, og oppfriska banda me tidlegare har knytt til dei.

Tekst: Svein Rimestad.

Foto: Eirik Sverdrup

Nett: Thor Inge Døssland